


Samarbeid over kyrkjelydsgrensene

Her i Ørsta har vi samarbeid over kyrkjelydsgrensene. Samarbeidspartane er Ørsta kyrkjelyd, Ørsta indremisjon og Ørsta frikyrkje. Innanfor kvar av desse einingane har det ei tid vore tankar om at det skulle ha vore eit sterkare eldretrefftilbod, men så har det ikkje vorte noko av det. Då var det at nokre av oss tenkte at det var tid for samarbeid om dette, og det vart innkalla til ein samarbeidskomité.



✱ Knut Stave, stiftleiar Møre

Eit knapt år etter, ser det ut til at me har lukkast å etablere eit rimeleg stabilt treffpunkt i Ørsta. Treffstaden skiftar mellom dei ulike «husa» våre, og for å unngå at nokon skal kjenne seg for gamal til å kome, kallar me treffa for føremiddagstreff. Såleis treng ein ikkje vere pensjonist eller kjenne seg som eldre, for å kome på treffa. Det har til og med vore nokre relativt unge menneske innom, og ein baby har slutta opp om arrangementa fleire gonger.

Både før og etter kvart treff, vert det skrive omtaler og referat i avisa, for å skape litt merksemd kring treffa. Det har kanskje vore ei god hjelp til å gjere treffa kjende, men likevel har det heilt frå starten av vore jamt bra med folk på treffa. Dei frammøtte lét vel, spør seg kvifor dette ikkje har vore starta opp før, og at det er kjekt at ein kan vere ilag om dette, sjølv om ein har litt ulik bakgrunn og organisasjonstilknytning. På det meste har frammøtet kome opp i kring 80.

Komitemedlemane representerer kvar sine organisasjonar, men samarbeider likevel om alle arrangementa. I september vart det arrangert busstur til ytre Herøy og Runde, i staden for å gå i gang med eit vanleg føremiddagstreff i den relativt tronge kyrkjestova. Sidan denne bussturen også var oppstarten

for haustsemesteret, vart dette ein fin måte å kome saman igjen etter 'sommarderien'. Nesten heilt nye Ytre Herøy kyrkje var eit av dei viktige måla for dei nesten 50 reiselystne.

Dette vart ein fin tur, og det finst fleire kyrkjer og kyrkjelyder ikring oss her på Nord-Vestlandet, som det er råd å reise og besøke. I alle tilfelle vil det verte fleire føremiddagstreff. Det vert vanlegvis både song og musikk, andakt, utlodning og mykje anna program, men sist, og ikkje minst, god tid til å prate og treffast kring borda. Det er fint å ha møteplassar på dagtid, og såleis ein god grunn for å gi seg tid til å setje seg ned og prate med andre.

På eit av treffa i haust fekk dei frammøtte også verte kjende med ei songbok som truleg vil verte brukt på dei fleste føremiddagstreffa framover. Songboka heiter 'Syng med!' og er utgitt av diakoniutvalet i Orkdal. Boka har stor og tydeleg skrift, og dessutan er innhaldet rikeleg variert med både salmer og songar. Eit litt artig innslag som me vanlegvis gir høve til, er "open mikrofon". Der får den som vil, lov til å kome fram å fortelje ei god historie eller noko anna som ligg ein på hjarta.

Ved det siste treffet i 2003 var det igjen kyrkja sin tur å stå for 'hus', og då var det igjen om å gjere å finne andre møteformer.

Det kan kanskje høyrast negativt ut, men har også sine positive sider, i og med at det tvingar føremiddagstreffkomiteen til å tenkje kreativt og nytt. Dermed vart det satsa på å arrangere eit litt annleis treff igjen, men utan å lage busstur av det. Denne gongen med adventsstund i kyrkjeromet, der det er god plass, med høve til etterpå å ta turen ned i kyrkjestova med litt adventskos, for dei som hadde lyst til det. Det finst ofte løysingar, sjølv om det ikkje alle tider ser slik ut. Totalt sett ser dette likevel ut til å vere eit arrangement som vil ha leve rett ei tid, og det ser ut til å vere kjekt og meningsfylt både for oss som er med å stelle i stand og planleggje, og for dei som kjem. Akkurat det trur eg er utruleg viktig.